

Vassavgift i tynn tråd

Skal ein dømme etter uttalane om vassavgifta for vassverket i Valldal, vert modellen endra i næraste framtid.

Randi Flø
randi@storfjordnytt.no

Tysdag arrangerte valldalen.no folkemøte, der modellen som vart innført i 2007, fekk gjennomgå. Frå politisk hald var det sterke signal om vilje til å endre modellen for korleis avgifta vert fordelt mellom abonnentane.

Skeivt

Randi Tafjord hadde lagt ned eit stort arbeid i å samle inn tal for å presentere korleis systemet verkar. Det kommunale vassverket har 198 abonnentar, dei fleste på Sylte, men også på Omenås. Dette er både private og abonnentar som driv næring og hytter. Det vert produsert eit volum på om lag 280.000 kubikk drikkevatt i året. Driftsutgiftene til drikkevassproduksjon var i 2008 på om lag 1,4 millionar kroner, medan driftsinntektene var på 1,2 millionar, som også omfatta ein attståande rest på eit fond. I 2008 vart det eit underskot på 200.000 kroner.

Ny modell

I 2007 vedtok kommunestyret i Norddal ei ny forskrift om vatn- og avløpsgebyr og nytt reulativ for gebyr. Det vart lagt fram to modellar for tilknytningavgift og to for abonnementsavgift. For tilknytning vart det vedteke ei lav og lik avgift, men det er seinare endra.

Randi Tafjord sa at prinsippet for utrekning av abonnementsavgifta vart vesentleg endra, og modellen som vart vedteken, betyr at ein større del av gebyra vert dekte av store bustader og industri- og offentlege bygg. I saksutgreiinga står det også at kommunen har arbeidd med å lage ei forskrift som kjennest mest mulig rettferdig for brukaren og gir kommunen høve til å dekke alle kostnader på ein kostnadseffektiv måte.

– Etter to år med den nye modellen er det vanskeleg å sjå at ein har lykkast med det arbeidet. I 2008 viste kommunerekneskapen eit underskot på vassverkdraft på 216.692 kroner. Dette samstundes med at mange abonnentar har fått ein formidabel auke i avgifter, sa Randi Tafjord og viste eit oppsett som fortel skilnadene.

Det viser til dømes at ei næringsverksemd som har 500 kvadratmeter areal og brukar 1.000 kubikk vatn, må betale 12.120 kroner. Ei bedrift som har

	Bustad 200m2	Hytte 80m2	Næring 500m2 1000m3	Næring 1000m2 100m3
Norddal	3030	848	12120	8177
Sula Fast 1099 7,50 pr m3-1,5/1	3599		8599	1849
Rauma Fast 682 4,91 pr m3	1664	735	5592	1173
Ørskog 8,95 pr m3 2/1 min 300m3	2685	1343	8950	Min 1343 el min 2014
Ålesund 7,51 pr m3 1,5/1	2253		7510	751?

Figuren syner vassavgifta for vassverket i Valldal samanlikna med andre kommunar.



Randi Tafjord la fram tal som viser det urettvise når det gjeld vassavgifta i Valldal.

4.000 kvadrat i areal og brukar ti gongar så mykje vatn, må betale 115.140 kroner.

Betaler

For Valldal Auto-Maskin inneber det nye regulativet ein auke frå rundt 4.000 kroner til vel 13.700 kroner i året.

– No betaler vi det vi skal. Vi brukar tusen kubikk i året, det synest eg er rett. Vi har tydelegvis betalt for lite før, sa ho.

Dei som har lite areal og brukar mykje vatn, betaler lite for vatnet, om lag 11 kroner per kubikk. Dei som har stort areal og brukar lite vatn, betaler mykje, 80 kroner per kubikk.

Tafjord hadde også sjekka hos kommunane Sula, Rauma, Ørskog og Ålesund om korleis vassavgifta vert fastsett. Tala viser at Norddal er gjennomgåande dyrast, spesielt når det gjeld næring, og særleg for dei som brukar lite vatn.

– Korleis kan vi få endra gebyrregulativet for vatn, slik at vi betaler for forbruk og ikkje for kva areal vi disponerer? Kvifor har kostnaden med produksjon og levering av vatn auka så kraftig dei siste åra, spurde Randi Tafjord og opna for debatt.

Skriftleg

Svein Linge, leiar i driftsutvalet, og ein av få politikarar som hadde møtt fram på dette folkemøtet, sa at han trur ikkje det finst ein einaste politikar i Norddal som meiner at det skal vere dyrare vatn her enn i andre kommunar. Linge bad om å få klager

skriftleg, fordi han har spurt administrasjonen fleire gonger om det har kome klage, men har fått negativt svar.

– Eg trur at om vi skal ha ei rettferdig vassavgift, må det målast utifrå forbruk og ikkje areal. Dette trur eg driftsutvalet er samd i, berre vi får ei sak på det, sa han og la til at det vart presentert for dei som at dette er ei ordning dei fleste kommunar har lagt seg på. Han ville at folk skulle sende klage stila til politikarane, ikkje til administrasjonen.

Eli Boatwright sa at dei på vegner av Fjellro turisthotell hadde skrive klage i november i fjor, men ikkje fått svar.

Signe Brenna meinte det har vore bede om ei sak frå politisk hald, men det har ikkje vorte gjort noko med det. Ho var villig til å ta sjølvkritikk på at det har vore valt feil modell og viste til at spesielt næringslivet har fått uforholdsmessig store rekningar. Brenna meinte det er viktig å få ei sak om dette før gebyret for neste år vert fastsett.

Ann Mattheeuws sa at Norsk Bærindustri brukar 262 kubikk vatn i året. Dei betalte i fjor meir enn 27.000 kroner i vassavgift, noko som vert 106 kroner per kubikk vatn.

Eventyr

Knut Slinning meinte det høyrest ut som eit eventyr at denne saka ikkje når fram til politikarane. Signe Brenna hevda at mange politikarar ikkje veit korleis systemet har slått ut. Kjell Arne Valdahl sa at han var med og vedtok det og visste no meir om korleis det slår ut. Det kommunale eigedomselskapet har hatt ein enorm auke i vassutgiftene, berre på rådhuset auka utgiftene frå 16.000 til 58.000 kroner på eitt år.

– Vi ser at eit eller anna er feil og eg trur at dette kjem opp, sa han.

Det vart også diskutert noko om kva som må gjerast i framtida. I juli, august og september er det for lite vatn, det må gjerast noko med sjølve vassforsyninga også.



Bratte tak utan stigar skaper problem for feiarane på denne årstida. Her er alt som det skal vere.

Kvar er feiaren?

Det er mange som har vendt seg til Storfjordnytt og etterlyst feiaren. Ei dame fram i dalen hadde skrive nokre flotte liner på eit ark og levert redaksjonen. Den lappen leitar eg enno etter.



Anders Holen frå Ålesund feievesen er snart ferdig med feinga i Valldal. Er det nokon som ikkje har fått feia pipa si på grunn av manglande takstige eller rim på taket, er det berre å ta kontakt.

det ikkje så mykje att, stort sett i Valldal sentrum, seier Lars Kjell Smoge.

Det finst eit politisk vedtak på at feieordninga skal kome inn under det interkommunale samarbeidet Norddal kommune har innan brannvern. Dette er ikkje heilt i boks, men det er Ålesund feievesen som no tar seg av feinga dette året på nordsida av fjorden. I Eidsdal og Norddal har kommunen leigd inn feiar frå Stranda.

Alfred Nilsen
alfred@storfjordnytt.no

Dei siste ti åra har Norddal kommune ikkje hatt eigen feiar. Eit entreprenørfirma frå Skodje har tatt seg av feinga i den perioden. No har det kome nye krav til feing og tilsyn som dette firmaet ikkje har kompetanse til å gjennomføre. Feievesenet i Ålesund er i desse dagar i gang med feinga, litt seint meiner mange, som opplever at feiaren ikkje kan gå opp på taka på grunn av at det er rima og tryggleiken ikkje blir skikkelig ivaretatt.

– Årsaka til at vi har kome seint i gang, er kapasitetsproblemet i Ålesund, men no er

Vurderer drenering

Åknes/Tafjord Beredskap vil no, med støtte fra energikonsernet Tafjord, setje i gang eit forprosjekt for å undersøke mulighetene for drenering av Åknes slik at ein kan redusere faren for eit katastrofeskred. Nasjonale og internasjonale ekspertar vert inviterte til samarbeid. NVE, som er det nye statlege forvaltningsorganet innan skredområdet, er også inviterte til å delta i prosjektet. Dette vert opplyst i ei pressemelding frå Åknes/Tafjord Beredskap IKS.

Forprosjektet vil ha ei tidsramme på eitt år.

– Det viser seg at drenering kan gi positiv effekt og redusere faren for eit katastrofeskred, men det må gjennomførast grundigare og meir omfattande undersøkingar før vi kan ta ei avgjerd om eventuell igangsetting av et slikt arbeid. Vi er derfor svært glade for at Tafjord-konsernet, som er ei viktig samfunnsaktør i vår region, har gitt oss muligheita til å setje dette arbeidet i gang. No skal vi samle nasjonal og internasjonal ekspertise, få konkretisert mulighetene og skaffe førstehands kunnskap fra liknande prosjekt som er gjennomført andre stader i verda. Samstundes er det viktig at vi får skaffa omfattande kunnskap både om Åknesfjellet si oppbygging, vasstrykk og vatnet sine dreneringsveggar i dette fjellet, seier Lars H. Blikra, sjefsgeolog i Åknes/Tafjord Beredskap.